



Møteprotokoll for Utval for næringutvikling og drift

Møtedato: 05.10.2022
Møtestad: Kommunehuset, Frekhaug
Møtetid: 13:00 - 16:05

Utvalet var på bedriftsbesøk på Frekhaug Stål før møtestart kl. 14.00.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Stian Lavik	KRF	Utvalsleiar
Mabel Johansen	H	Nestleiar
Liv Høpland van der Kooij	SP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Øyvind Bratshaug	H	Medlem
Yngve Walaker	FRP	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Maya Greve	MDG	Medlem

Følgjande frå administrasjonen møtte: Hogne Haugsdal-kommunalsjef Samfunnsutvikling, Arne Eikefet-rådgjevar stab Samfunnsutvikling, Mikkel Bengtsson-rådgjevar Landbruk, Arthur Kleiveland-møtesekretær

Egil Sagstad-leiar i Handverksgruppa i Nordhordland næringslag orienterte om Byggesak i Alver – sett med næringslivet sine perspektiv.

Per Spillum-Merkur-konsulent orienterte om Merkur-programmet.

Det møtte 6 av 7 medlemmar i utvalet.

Sakliste

Saknr	Tittel
044/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
045/22	Godkjenning av møteprotokoll 07.09.2022
046/22	Politisk møteplan 2023
047/22	Kostnader til administrasjon av næringsfond
048/22	Meldingar til utval for næringsutvikling og drift 05.10.2022

044/22: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Utval for næringutvikling og drift 05.10.2022:

Behandling:

Utvalet godkjende samrøystes innkalling og saksliste.

ND- 044/22 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

045/22: Godkjenning av møteprotokoll 07.09.2022

Møteprotokoll vert godkjend.

Utval for næringutvikling og drift 05.10.2022:

Behandling:

Utvalet godkjende samrøystes møteprotokoll for 07.09.2022.

ND- 045/22 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjend.

046/22: Politisk møteplan 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar politisk møteplan for 2023 slik den er lagt fram i saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 04.10.2022:

Behandling:

Ingen merknader, samrøystes.

OKK- 059/22 Vedtak:

Uttale i OKK - 04.10.2022:

Ingen merknader.

Utval for helse og omsorg 04.10.2022:

Behandling:

Utvalet slutta seg samrøystes til Politisk møteplan 2023.

HO- 037/22 Vedtak:

Utval for helse og omsorg kjem med følgjande uttale:
Utvalet sluttar seg til Politisk møteplan 2023.

Utval for næringutvikling og drift 05.10.2022:

Behandling:

Utvalet har ingen merknad til Politisk møteplan 2023.
Samrøystes.

ND- 046/22 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift har ingen merknad til Politisk møteplan 2023.

047/22: Kostnader til administrasjon av næringsfond

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kostnader med å administrere næringsfondet skal dekkast av næringsfondet.

Utval for næringutvikling og drift 05.10.2022:

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 4 røyster (M.Johansen-H, Øyvind Bratshaug-H, T. Skurtveit-AP, Liv Hopland van der Kooij-SP) mot 2 røyster (S. Lavik-KRF, Y. Walaker-FRP).

ND- 047/22 Vedtak:

Kostnader med å administrere næringsfondet skal dekkast av næringsfondet.

048/22: Meldingar til utval for næringsutvikling og drift 05.10.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Utval for næringsutvikling og drift 05.10.2022:

Behandling:

Det vart gjeve følgjande meldingar/orientering i møtet:

1. Informasjon om Merkur-programmet v/Per Spillum-Merkur-konsulent
2. Byggesak i Alver - sett frå næringslivet sitt perspektiv v/Egil Sagstad-leiar handverksgruppa i Nordhordland næringslag
3. Status hjorteforvaltning v/Mikkel Bengtsson-rådgjevar landbruk

Utvalet var på bedriftsbesøk hjå Frekhaug Stål før møtestart.

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg:

Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar.

Utval for næringsutvikling og drift ser med interesse på Merkur-programmet og er glad for at fleire nærbutikkar i kommunen har glede og nytte av programmet.

Utvalet er uroa over situasjonen rundt byggesak i kommunen, og dette har vore påpeikt over tid. Det er viktig for næringsliv og innbyggjarar at ein får korta sakshandsamingstida ned. Utvalet vil no som tidlegare støtta opp om arbeidet som er i gang i administrasjonen rundt dette, og ser fram til orienteringa som kjem i neste møte. Utvalet ønskjer m.a. å få opplyst tal på saker som ligg i kø, og korleis dette har utvikla seg over tid.

Utval for næringsutvikling og drift er glad for å sjå at grepa ein har tatt for hjorteforvaltninga ser ut til å gje effekt. Det er viktig at ein held fram med å vaka over bestanden og å setja inn naudsynte tiltak etter som resultat frå jakt og anna statistikk kjem inn.

ND- 048/22 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar.

Utval for næringsutvikling og drift ser med interesse på Merkur-programmet og er glad for at fleire nærbutikkar i kommunen har glede og nytte av programmet.

Utvalet er uroa over situasjonen rundt byggesak i kommunen, og dette har vore påpeikt over tid. Det er viktig for næringsliv og innbyggjarar at ein får korta sakshandsamingstida ned. Utvalet vil no som tidlegare støtta opp om arbeidet som er i gang i administrasjonen rundt dette, og ser fram til orienteringa som kjem i neste møte. Utvalet ønskjer m.a. å få opplyst tal på saker som ligg i kø, og korleis dette har utvikla seg over tid.

Utval for næringsutvikling og drift er glad for å sjå at grepa ein har tatt for hjorteforvaltninga ser ut til å gje effekt. Det er viktig at ein held fram med å vaka over bestanden og å setja inn naudsynte tiltak etter som resultat frå jakt og anna statistikk kjem inn.

